



Restaurering på Neset. (Foto: Ola Matti Mathisen)

**Det er ikkje berre nye bustadprosjekt som er på gong i Uskedalen for tida, det skjer også ein god del anna som gjev sysselsetjing for snikkarar og andre handverkarar. .**

Til dømes er oppattbyggjinga av huset til Elin Legland på Ljosnes kome godt i gang. Huset vart totalskada av brann i slutten av januar og no kjem det opp att på same tomte og på same grunnmuren som det gamle huset stod på.

Det nye huset vil også få nesten den same utsjånad som det gamle, opplyser Elin til uskedalen.no. Ho fortel ellers at snikkarane har lova innflytting til påske.

På Neset er snikkarar i gang med restaurering av eit spesielt hus, som er bygd i 1820 og som skal vera det eldste huset som vart reist i to høgder i bygda. Det som skjer er at taksteinen blir skifta ut med skifertak, som huset også hadde i tidlegare tider.

Av Ola Matti Mathisen



Oppattbygging på Ljosnes. (Foto: Ola Matti Mathisen)